

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Arbeidsmiljøutvalet	06.06.03	KAI	010/03

Avgjerd av: Arbeidsmiljøutvalet	Ansv.	Arkiv: 041.1	Arkivsaknr
Saksbeh.: Kari Anne Iversen	KAI	Objekt:	2003001129

RETNINGSLINER FOR REFUSJON AV UTGIFTER TIL DATABRILLER

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	22.04.03	Arbeidstilsynet 8. distrikt	REGELVERKET FOR TILSKOT TIL TERMINALBRILLER
2	I	25.04.03	Arbeidstilsynet 8. distrikt	TILSKOT TIL TERMINALBRILLER

Saksutgreiing:

Etter oppdrag frå AMU har administrasjonen bedt Arbeidstilsynet om ei fortolking av regelverket for tilskot til databriller. Det er også innhenta opplysningar om praksis i andre kommunar.

Arbeidstilsynet har oversendt kopi av ei rettleiing frå Arbeidsdirektoratet, dat. juli 1998, som vedlegg til svarskrivet sitt. Direktoratet presiserer i dette vedlegget m.a. at:

- databriller som oftast er ei einstyrkebrille.
- personar under 40 år som regel ikkje vil ha behov for spesielle databriller.
- behov for databrille vert påverka av arbeidsmengde og eksponeringstid framfor skjermen.
- korrigeret brille til nærsynte personar ikkje vil bli definert som databrille.
- spesiell databrille normalt ikkje er nødvendig for langsynte personar eller ved astigmatisme (skeiv hornhinne).
- vanlege lesebriller ikkje vert definert som databrille.

Dersom det oppstår synsproblem som kan vurderast å ha samanheng med arbeid ved dataskjerm, har arbeidstakar rett til synsundersøking gjort av ein person med nødvendige kvalifikasjonar, med dette vert meint augelege/optikar.

Arbeidstakar vil ha rett til å få databriller, dersom det skriftleg kan dokumenterast:

1. - at brillene som skal nyttast ved skjermarbeid er ulik frå arbeidstakaren si eiga brille.

eller

2. - at det er aktuelt med korreksjon av relativt svak langsyntheit og/eller skeive hornhinner eller liknande hos personar som har spesielle problem ved dataskjermarbeid og som ikkje bruker briller til dagleg.

Når det gjeld utgiftsdekning, skal arbeidsgjevar dekkje kostnader ved synstest, ev. oppfølging hos spesialist og nødvendige synshjelpemiddel. Spesielle utgifter til montering, val av type glas, innfatning og liknande kan avtalast i den enkelte verksemd mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Arbeidsgjevar sine vurderingar er retningsgjevande, men det er ein føresetnad at nødvendige utgifter vert dekkja.

Arbeidstilsynet 8. distrikt opplyser at dei som arbeidsgjevar dekkjer kr 1 000,- til brilleinnfatning.

Dei kommunane administrasjonen har vore i kontakt med, har anten ikkje utarbeidd særskilte retningslinjer for refundering av utgifter til databriller, eller dei er i prosess med å utarbeide slike. Tilbakemelding frå alle går på at vurdering av behovet vert sterkt vektlagt, og at kostnader til innfatning skal avgrensast.

Vurdering:

Dei fleste av dei kriteria som vert lista opp i rettleiinga frå Arbeidsdirektoratet er av fagleg/medisinsk karakter, og punktet som går på kravet om ei særskilt og skriftleg grunngeving frå person med nødvendige kvalifikasjonar vert difor viktig.

Forskrifta sidestiller her augelege og optikar som sakkunnig instans. Etter å ha henta inn råd frå kommunen si bedriftshelseteneste, vil administrasjonen rå til at dersom augelege ikkje vert nytta, skal skriftleg grunngeving gjevast av optikar som er godkjent i høve arbeidsplassoptometri, dvs. har spesialkompetanse i høve dataarbeidsplassar og synsergonomi. Kommunen har fått tilsendt oversyn over godkjente optikarar i Bergensområdet.

Med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing og vurdering vil administrasjonen rå til at desse retningslinjene vert lagt til grunn ved søknad om refusjon av utgifter til databriller:

1. Utgangspunkt for vurderinga er Forskrift om arbeid ved dataskjerm.
2. Søknaden skal også vurderast opp mot presiseringane i rettleiar til forskrifta, sjå m.a. opplista punkt i saksutgreiinga.
3. Det skal liggje føre skriftleg grunngeving frå augelege eller frå optikar med spesialkompetanse i arbeidsplassoptometri.
4. Arbeidsgjevar dekkjer nødvendige utgifter, slik forskrifta føreset. Det vert sett eit tak på kr. 500,- for utgifter til innfatning.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Arbeidsmiljøutvalet godkjenner at desse retningslinene vert lagt til grunn ved søknad om refusjon av utgifter til databriller:

1. Utgangspunkt for vurderinga av søknad er *Forskrift om arbeid ved dataskjerm*.
2. Søknad skal også vurderast opp mot presiseringane i rettleiar til forskrifta, sjå m.a. opplista punkt i saksutgreiinga.
3. Det skal liggje føre skriftleg grunngjeving frå augelege eller frå optikar med spesialkompetanse i arbeidsplassoptometri.
4. Arbeidsgjevar dekkjer nødvendige utgifter, slik forskrifta føreset. Det vert sett eit tak på kr. 500,- for utgifter til innfatning."

06.06.2003 ARBEIDSMILJØUTVALET

Framlegg frå Helge Kvam: Nytt pkt. 5: Det skal leggjast fram opplysningar/dokumentasjon om arbeidsoppgåver/omfang av arbeid ved dataskjerm frå næraste overordna.

AMU-010/03 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Arbeidsmiljøutvalet godkjenner at desse retningslinene vert lagt til grunn ved søknad om refusjon av utgifter til databriller:

1. Utgangspunkt for vurderinga av søknad er *Forskrift om arbeid ved dataskjerm*.
2. Søknad skal også vurderast opp mot presiseringane i rettleiar til forskrifta, sjå m.a. opplista punkt i saksutgreiinga.
3. Det skal liggje føre skriftleg grunngjeving frå augelege eller frå optikar med spesialkompetanse i arbeidsplassoptometri.
4. Arbeidsgjevar dekkjer nødvendige utgifter, slik forskrifta føreset. Det vert sett eit tak på kr. 500,- for utgifter til innfatning.
5. Det skal leggjast fram opplysningar/dokumentasjon om arbeidsoppgåver/omfang av arbeid ved dataskjerm frå næraste overordna."

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Kommunalavdelingane